

Styret si melding

2 0 0 1

Havforskningsinstituttet skal vere ein nasjonal og internasjonal pådrivar i marin forskning, og ein truverdig premiss- og kunnskapsleverandør. Difor har instituttet ei viktig nasjonal rolle når det gjeld overvaking, forskning og rådgjeving. I tråd med dette vil styret arbeide for at Havforskningsinstituttet samordnar og trekkjer dei andre nasjonale fagmiljøa med for å løyse viktige oppgåver innan marin forskning og overvaking.

I strategiperioden fram til 2004 ser styret det som viktig å styrkje arbeidet med å integrere miljøvariablar i ressursvurderinga. Det er ei stor fagleg utfordring å utvide kunnskapen og utvikle modellar for ei meir grunnleggjande forståing av dei store økosystema og næringsgrunnlaget i havet. Denne faglege innsatsen skal gje eit enda betre kunnskapsgrunnlag, noko som må til for ei økosystembasert forvaltning av dei marine miljøa og ressursane.

Økonomi

Rekneskapan for 2001 syner at Havforskningsinstituttet kjem ut med eit nettoresultat på 3,4 mill. kroner. Dette er om lag på same nivå som i fjor. Resultatet er noko svakare enn forventa, men syner likevel at instituttet er på veg til å nå målet om å setje av eit beløp på rundt 15 mill. kroner som ein "buffer" til å møte uventa problem og eventuell svikt i prosjektinngangen. Senter for marine ressursar og Fiskeriforskning u-land er i god økonomisk balanse. Miljøsenderets aktivitetar synest no å vere tilpassa inntektene, medan det økonomiske resultatet for Senter for havbruk og Forskningsstasjonen Flødevigen var i 2001 dårlegare enn venta. Det økonomiske grunnlaget for fartøydrifta er for dårleg. Mange av fartøya er gamle, og utgiftene til vedlikehald aukar sterkt. Dette er det ikkje gitt rom for i dei faste driftsløyvingane.

Styret er godt nøgd med løyvingane til bygging av nytt forskingsfartøy.

Statsbudsjettet for 2002 var særst positivt for Havforskningsinstituttet. Budsjettet gav ein auke på 29 mill. kroner til instituttet si drift. Når det gjeld løyvingane frå EUs forskingsprogram, Noregs forskingsråd o.a. konstaterer styret ein viss stagnasjon. Styret vil arbeide aktivt for å halde oppe desse inntektene, særleg innan EUs 6. rammeprogram. Styret konstaterer at instituttet ikkje nådde opp i konkurransen om å etablere eit senter for framifrå forskning, og vil arbeide aktivt for at instituttet klarer dette ved neste høve.

Fagleg utvikling

Kystsona er under auka press frå ulike interesser som t.d. fiskeri, oppdrett, turisme og fritidsnæring, transport og næringsutvikling. For å sikre ei forsvarleg utnytting treng vi meir kunnskap om ressursar og miljø i kystsona. Styret er difor glad for at Fiskeridepartementet ved byrjinga av 2002 godkjente at Havforskningsinstituttet kunne etablere eit nytt senter med ansvar for forskning og rådgjeving knytt til kystsona. Det nye senteret skal samordne aktiviteten med den kompetansen som alt finst på kystressursar ved instituttet i Bergen, Flødevigen og i Tromsø.

Den faglege aktiviteten har vore høg også i 2001. Styret har vedteke nye strategiar for miljø- og havbruksforskninga. I tråd med å utvikle ei meir økosystembasert forvaltning har Senter for marine ressursar etablert ein ny seksjon for ressursøkologi som også har til oppgåve å ta vare på sjøpattedyrforskninga. Instituttet deltek saman med nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar i utforminga av ei rekkje nye program som AMØBE,



MAR-ECO OG MAREANO. For eit samla oversyn viser styret til den faglege delen av årsmeldinga.

I tillegg har Havforskningsinstituttet frå 2003 fått ansvar for all ressursrådgjeving ved at det tek over Fiskeriforskning sitt ressursmiljø i Tromsø. På sikt er det her planlagt ei eining på 30-40 personar, inklusiv dei som blir overførte frå Fiskeriforskning. Styret ser dette som ei viktig avklaring nasjonalt av oppgåver og ansvar innan fiskeriforskinga. Ein slik vekst er gledeleg, og styret utfordrar instituttet til å finne gode organisatoriske løysingar.

Evaluering

I 2001 blei Havforskningsinstituttet vurdert av ei internasjonal gruppe oppnemnt av Noregs forskingsråd. I rapporten var det peikt på at instituttet hadde sterk fagleg tyngde, god infrastruktur og system. Mellom anna peikar utvalet på at Senter for marine ressursar held både høg publiseringsaktivitet og omfattande rådgjeving. Miljøforskinga får god attest, men fagområdet møter store utfordringar i arbeidet med å integrere miljøtilhøvet i havet til ressursprognosar. Utvalet peikar på at havbruksforskinga har høg vitenskapleg produksjon, men er noko for produksjonsorientert, og det råder instituttet til å styrke rådgjevinga knytt til forvaltningsoppgåvene av norsk havbruksnæring. Instituttet la ned ein stor innsats i eignevalueringa, som var ein del av arbeidet. Styret er særst nøgd med konklusjonen som utvalet gav.

Statsbygg har overteke driftsansvaret for forskingsstasjonane og har planar om å byggje ut og utbetre forskingsstasjonane i Matre, Flødevigen og Austevoll. Oppgradering av vitenskapleg utstyr i laboratorium og på fartøy er ein viktig føresetnad for å halde den faglege kvaliteten på et høgt nivå. For å løyse

oppgåvene som Havforskningsinstituttet skal gjere, er det styret si oppfatning av det må løyvast betydelege midlar til oppgradering og nyinvestering i vitenskapleg utstyr. Styret har i 2001 fått utarbeidd eit forslag til ein nasjonal "fartøypool" som kan samordne betre bruken av forskingsfartøya. Dette er sendt Fiskeridepartementet for vidare vurdering.

Styret ser med aukande uro på svikten i rekrutteringa til naturvitenskaplege fag ved skole og universitet. I løpet av det neste tiåret vil behovet for nye fagfolk innan ulike disiplinar auke sterkt. Det er ei nasjonal oppgåve å setje universiteta i stand til å auke utdanningstakten av unge, nye forskarar. Havforskningsinstituttet må styrke samarbeidet med alle dei norske universiteta og knytte breiare kontakt til utdannings- og rekrutteringsmiljø internasjonalt.

Ei klårare arbeidsdeling innan marin forskning, store utfordringar knytt til overvaking av havmiljø og behovet for rekruttering, gjer at samarbeid blir viktigare. Havforskningsinstituttet har i 2001 inngått samarbeidsavtale med Universitetet i Oslo. Saman med Fiskeridirektoratets ernæringsinstitutt og Universitetet i Bergen har instituttet danna aksjeselskapet PROTEVS for å gi rom for vidare næringsutvikling. Havforskningsinstituttets arbeid gjennom havforskarorganisasjonen ICES er ein beryktet del i det internasjonale samarbeidet om forskning, bestandsvurdering og forvaltning. I 2001 var Noreg vertskap for ICES sitt årsmøte i Oslo, der instituttet spela ei sentral rolle både som deltakar og arrangør.

Publisering og formidling

Informasjon, formidling og kontaktarbeid ovanfor næring,

forvaltning, media og publikum er ei sentral oppgåve. Ei medieanalyse utført i 2001 om korleis havforskarane kommuniserer bestandsråd i media, konkluderer med at instituttet i hovudsak står fram med klare budskap. I Forskringsrådet evaluering blir instituttet sine årlege publikasjonar *Havets ressursar*, *Havets miljø* og *Havbruksrapporten* trekt fram som eksemplarisk informasjonsverksemd. I løpet av 2001 har og instituttet sett inn mykje innsats i å styrke kommunikasjonen med ulike målgrupper, og gjennom eit nytt opplegg for instituttets internettsider er den eksterne informasjonen betra. Den vitenskaplege publiseringa målt i talet på publikasjonar har gått noko ned i høve til året før. Det må vere eit mål å auke denne.

På det administrative og personalpolitiske området har det vore utvikla nye administrative rutinar der IKT og webløysingar er nytta. Nytt fleksitidssystem og utprøving av videokonferansar er tiltak som også er sett i gang. Investering i trygt og godt arbeidsmiljø for dei tilsette er eit overordna personalpolitisk mål. I tråd med dette blei det i 2001 gjennomført ein "temperaturmåling" av arbeidsmiljøet på instituttet, og resultatata vil leggast fram våren 2002.

Miljøutfordringar

Havmiljøet er i fokus på ulike måtar. Spørsmål knytt til verknader av produsert vatn frå oljeproduksjonen, utslepp av radioaktivitet frå Sellafield, ballastvatn og algeblømingar er døme på dette. Slike miljøskaker får no stor merksemd, og instituttet er i aukande grad sett på den politiske dagsorden. Styresmakter, næring, interessegrupper, media og publikum forventar faglege råd og vurderingar.

Styret ser behovet for å styrke miljøovervakinga i havet, mellom anna ved hjelp av forskingsfartøya. Samanhengande tidsseriar er viktige datagrunnlag for forskning, prognoser og råd. Ei omfattande og systematisk havovervaking må til om vi skal

kunne dokumentere at norsk sjømat kjem frå eit reint hav. Det er i dag for liten kapasitet til å overvake miljøet i norske havområde på ein tilfredsstillande måte. Samstundes er den nasjonale koordineringa mangelfull. Styret ser det difor som positivt at Norsk Polarinstitutt, Det norske meteorologiske institutt, Norsk institutt for vassforskning, Statens Strålevern, Nansen Senter for Miljø og Fjernmåling og Havforskningsinstituttet i 2001 etablerte eit nasjonalt råd for marin overvaking og varsling. Målet er å samordne ressursar og syne behovet for ei systematisk havovervaking.

Marine økosystem er komplekse. Det er vanskeleg å sjå korleis fiskebestandar utviklar seg over tid, og korleis klima- og miljøfaktorar verkar inn. For å forstå dynamikken i økosystema er det naudsynt å utvikle nye kunnskapsmodellar. I utviklinga av havbruksnæringa er det viktig at det i forvaltninga blir teke omsyn til miljøeffektar av og på havbruk. I dette arbeidet har Havforskningsinstituttet god tverrfagleg kompetanse å bygge på, og må utvikle denne vidare.

Auka fokus på miljøspørsmål har auka etterspørselen etter overvaksingsdata, rådgjevings- og utgreiingstenester frå ulike offentlege instansar. Samstundes har løyvingane frå andre departement til dette arbeidet blitt mindre. Det er styret si oppfatning at det er viktig å styrke ressursane til miljørådgjevinga. Dette må og innebere auka løyvingar frå andre departement.

Miljøspørsmål representerer ofte interessekonfliktar der mange og ulike aktørar tar del. Det er eit overordna mål at instituttet held fast på sitt faglege sjølvstende, og at miljøforskninga er tufta på ei stabil og offentleg finansiering som byggjer opp om instituttet si uavhengige rolle.

Styret takkar alle tilsette ved Havforskningsinstituttet for eit godt arbeid i 2001.




Leiv Grønnevet Peter Gullestad Knut Werner Hansen

Alf Håkon Hoel Magnus Johannessen Benedicte Nielsen

Randi Eidsmo Reinertsen Heidi Meland Einar Svendsen

ORGANISASJON



(Programansvarleg i parentes)

LINJEAKTIVITETAR

- * 91 - Ressursovervaking og rådgjeving (Åsmund Bjordal)
- * 92 - Overvaking og tilstandsvurdering av havmiljøet (Ole Arve Misund)
- * 93 - Havbruk og rådgjeving (Ole J. Torrissen)
- * 94 - Støtteaktivitetar (Eivind Norebø til 15.10.2001, Åse L. Pedersen frå 15.10.2001)
- * 95 - Bistandsretta samarbeid innan forskning og forvaltning (Erling Bakken til 1.5.2001, Gabriella Bianchi frå 1.5.2001)

PROGRAMOVERSIKT

- * 1 - Ressurs- og miljøforskning i kystsona (Einar Dahl)
- * 2 - Økosystem Norskehavet - *Mare cognitum* (Webjørn Melle)
- * 4 - Populasjonsdynamikk og modellering (Sigbjørn Mehl)
- * 5 - Absolutt mengdemåling av marine ressursar (Egil Ona)
- * 6 - Ansvarleg fangst (Arill Engås)
- * 8 - Matfisk og kvalitet (Geir Lasse Taranger)
- * 9 - Marint biologisk mangfald (Geir Dahle)
- *13 - Klima og fisk (Harald Loeng)
- *14 - Reproduksjon og tidleg livshistorie hos fisk og skaldyr (Olav S. Kjesbu)
- *15 - Marin miljøkvalitet (Francisco Rey)
- *16 - Helse hos fisk og skjel (Øivind Bergh)

STYRET

Leiv Grønnevet (leiar), banksjef, Kreditkassen
 Heidi Meland (nestleiar), dagleg leiar, Kunnskapssenteret i Gildeskål
 Peter Gullestad, Fiskeridirektør, Fiskeridirektoratet
 Knut Werner Hansen, fiskar
 Randi Eidsmo Reinertsen, sjefsforskar, SINTEF Unimed
 Alf Håkon Hoel, førsteamanuensis, Universitetet i Tromsø
 Benedicte Nielsen, marknadssjef, SIF Norway
 Einar Svendsen, forskar, Havforskningsinstituttet
 Magnus Johannessen, leiande forskningsteknikar, Havforskningsinstituttet



Varamedlemmer

Jens Malvin Skei, forskningssjef, Norsk institutt for vassforskning
 Eva Toril Strand, fiskebåtreiar, lærar
 Marit Solberg, produksjonssjef, Hydro Seafood Norway
 Grehe Aa. Kuhnle, underdirektør, Fiskeridirektoratet
 Reidar Toresen, forskar, Havforskningsinstituttet
 Brit Hjeltnes, forskar, Havforskningsinstituttet
 Askjell Raknes, førstekonsulent, Havforskningsinstituttet
 Einar Sørstrønen, maskinsjef, Havforskningsinstituttet

LEIING

Administrerande direktør Roald Vaage
 Informasjonssjef Jo Høyer
 Forskingsdirektør Åsmund Bjordal, Senter for marine ressursar
 Forskingsdirektør Ole Arve Misund, Senter for marint miljø
 Forskingsdirektør Ole J. Torrissen, Senter for havbruk
 Forskingsjef Erlend Moksness, Forskningsstasjonen Flødevigen
 Forskingsjef Erling Bakken, Fiskeriforskning u-land (til 1. mai 2001)
 Forskingsjef Gabriella Bianchi, Fiskeriforskning u-land (frå 1. mai 2001)
 Avdelingsdirektør Eivind Norebø, Administrasjons- og serviceavdelinga (til 15. oktober 2001)
 Avdelingsdirektør Åse L. Pedersen, Administrasjons- og serviceavdelinga (frå 15. oktober 2001)
 Avdelingsdirektør Per W. Nieuwejaar, Reiarlagavdelinga





**ØKONOMISK ÅRSAVSLUTNING
FOR HAVFORSKINGSINSTITUTTET 2001**

	Havforsknings- instituttet	Kap. 1020 instituttet	Kap. 1021 forsknings- fartøya
INNTEKTER			
Løyvingar over statsbudsjettet	248 309	160 435	87 874
Eksterne oppdragsmidlar	238 835	161 299	77 536
Overførte prosjektmidlar til 2002	-8 267	-8 121	-146
Midlar til omfordeling:			
- inntrekte midlar til adm. avd. (8 %)	-	515	-515
- internkjøp og -sal av tenester	-	-212	212
Lønsrefusjonar	6 329	3 516	2 813
Andre inntekter	2 720	2 235	485
Sum inntekter	487 926	319 667	168 259
UTGIFTER			
Lønsforbruk	233 276	159 533	73 743
Varer og tenester drift	114 869	71 283	43 586
Varer og tenester oppdrag	127 542	76 054	51 488
Sum utgifter	475 687	306 870	168 817
BRUTTO ÅRSRESULTAT	12 239	12 797	-558
AVSETJINGAR			
Avsette feriepengar for 2002	6 049	5 559	490
Endring avsett arbeidsgjevaravgift	9	158	-149
Endring interimskonti	2 826	2 748	78
Sum avsetjingar	8 884	8 465	419
NETTO ÅRSRESULTAT	3 355	4 332	-977
Årsoppgjersdisposisjonar	-	-	-
Inngående DB 2001	11 549	5 206	6 343
Utgående DB 2001	14 904	9 538	5 366

Havforskningsinstituttet sin driftsrekneskap for 2001 syner eit resultat etter avsetning på 3,4 millionar kroner. Med det positive dekningsbidraget på 11,5 millionar kroner frå i fjor, vil 14,9 millionar kroner bli overført til 2002 som nytt dekningsbidrag. Instituttet har følgd den gode trenden frå 1999 og 2000, og er på rett veg for å byggje opp ein økonomisk buffer som gjer det i stand til å dekkje uføresette utgifter.

Driftsinntektene var på 488 millionar kroner, vel 70 millionar kroner meir enn i 2000. Dette er ein auke på nær 15 % frå året

før. Fiskeridepartementets tilskot til drifta er på i alt 248 millionar kroner, eller om lag 51 % av dei totale inntektene. Dette er ein auke på 23 millionar kroner frå året før. Prosjektinntektene auka med 47 millionar kroner, der inntektene frå Norad, Noregs forskingsråd og forskingsfangst representerer den største delen.

Driftsutgiftene i 2001 auka og kraftig. Totalt var veksten på 69 millionar kroner, eller ein auke på nesten 15 %. Utgiftsauken er om lag 1 million kroner lågare enn inntektsauken same år.



FINANSIERING OG FORBRUK 2001 (1 000 KR)

Finansieringskjelde	Sum	Kostnadsstad	Løn	Varer/tenester	Sum
Fiskeridepartementet - drift	248 309	Administrasjons- og serviceavd.	19 860	13 028	32 888
Fiskeridepartementet - investeringar	3 957	Fellestenester	15 046	28 539	43 585
EU	12 803	Senter for marine ressursar	43 069	23 276	66 345
Noregs forskingsråd	68 765	Senter for marint miljø	25 880	13 431	39 311
Fangstinntekter	31 459	Senter for havbruk	40 052	41 377	81 429
Norad	66 843	Forskningsstasjonen Flødevigen	9 294	6 657	15 951
Utanriksdepartementet	829	Fiskeriforskning u-land	8 250	25 421	33 671
Miljøverndepartementet	345	Reiarlagavdelinga	49 202	30 479	79 681
Fiskeridirektoratet	5 248	Leigefartøy	2 300	33 458	35 758
Universitetet i Bergen	14 703	Andre fartøy	20 323	22 935	43 258
NINA	450				
Hydro	1 682	Sum drift	233 276	238 601	471 877
Statens forureiningstilsyn	1 020	Nytt fartøy			2 000
Statoil	1 091	Ny rørledning - Austevoll			1 810
Nordisk ministerråd	448				
DNMI	144	Overførte prosjektmidler til 2002			8 121
Ernæringsinstituttet	1 335	Overførte statsmidlar til 2002			146
Fiskeriforskning	870	Avsette feriepengar til 2002			6 049
Norbio	1 342	Avsett arbeidsgjevaravgift til 2002			1 576
Oljeindustriens landsforening	240	Andre disposisjonar			14 901
SINTEF	26				
Diverse	9 994	Sum			506 480
Lønsrefusjonar	6 329				
Ymse inntekter	2 720				
Avsette feriepengar til 2001	5 496				
Avsett arbeidsgjevaravgift til 2001	1 567				
Overførte prosjektmidler til 2001	4 198				
Overførte statsmidlar til 2001	2 718				
Andre disposisjonar frå 2000	11 549				
Sum	506 480				

VERKSEMDSREKNESKAPEN 2001 (1 000 KR)

PROGRAM		LØYVING	BUDSJETT		
			FoU løn	Drift	Fartøy
91	Ressursovervaking og rådgjeving	126 060 364	47 536 670	14 823 794	63 699 900
92	Overvaking/tilstandsvurdering havmiljø	43 959 274	25 352 885	5 061 639	13 544 750
93	Havbruk og rådgjeving	30 974 380	17 454 095	12 358 235	1 162 050
95	Bistandsretta samarbeid	64 332 683	11 225 130	31 327 553	21 780 000
99	Linjeprogram "Fellestenester"	16 783 421	527 250	16 256 171	
Sum	linjeprogram	282 110 122	102 096 030	79 827 392	100 186 700
01	Ressurs-/miljøforskning i kystsona	8 635 060	5 794 160	1 480 200	1 360 700
02	Økosystem Norskehavet	2 606 690	2 161 240	240 700	204 750
04	Populasjonsdynamikk og modellering	13 136 285	8 706 220	3 657 315	772 750
05	Absolutt mengdemåling marine ressursar	20 293 257	10 440 930	4 195 827	5 656 500
06	Ansvarleg fangst	28 738 930	12 629 855	3 506 975	12 602 100
08	Matfisk og kvalitet	20 257 164	14 168 535	6 088 629	
09	Marint biologisk mangfald	7 582 250	4 226 830	3 126 670	228 750
13	Klima og fisk	11 006 290	6 873 040	1 593 500	2 539 750
14	Reprod/livsstadier fisk/skaldyr	19 722 922	12 085 400	7 102 022	535 500
15	Marin miljøkvalitet	9 389 797	6 704 175	1 810 622	875 000
16	Helse hos fisk og skjel	16 176 985	10 619 675	4 419 710	1 137 600
Sum	FoU-program	157 545 630	94 410 060	37 222 170	25 913 400
Sum	Havforskningsinstituttet	439 655 752	196 506 090	117 049 562	126 100 100



Fou løn	FORBRUK			FORBRUK % av bev.
	Drift	Fartøy	Sum	
51 948 284	15 131 910	66 909 916	133 990 109	106 %
27 260 412	5 010 190	14 108 075	46 378 677	106 %
14 524 222	12 017 130	660 166	27 201 518	88 %
10 003 185	29 572 373	23 737 042	63 312 599	98 %
728 106	13 606 963		14 335 069	85 %
104 464 207	75 338 566	105 415 199	285 217 972	101 %
4 842 752	1 228 415	1 807 458	7 878 625	91 %
1 173 547	232 438	162 305	1 568 290	60 %
9 693 949	3 512 834	2 148 867	15 355 650	117 %
11 671 577	3 724 400	7 582 768	22 978 744	113 %
11 571 809	3 791 494	14 968 883	30 332 186	106 %
18 749 025	4 383 626		23 132 651	114 %
4 293 503	3 201 704	701 632	8 196 838	108 %
10 080 961	1 494 771	3 204 518	14 780 250	134 %
14 123 220	5 113 583	58 445	19 295 248	98 %
7 179 793	1 476 763	683 594	9 340 150	99 %
10 833 611	3 949 727	1 047 056	15 830 394	98 %
104 213 745	32 109 754	32 365 526	168 689 025	107 %
208 677 952	107 448 320	137 780 725	453 906 997	105 %

Verksamdsrekneskapan viser at Havforskningsinstituttet har hatt ein større aktivitet enn planlagt. Kostnader til fartøy og FoU-ansatte er høgare enn forventa, mens driftsutgifter til instituttets prosjekter er noko lågare enn budsjettert.

Forskningsaktiviteten var i 2001 stort sett i samsvar med det planlagde toktprogrammet. Tidlegare år har det vore problem med å få gå inn i russisk sone, men dette har til ein viss grad betra seg. På eit par tokt måtte vi også i 2001 akseptere å ha russisk inspektør om bord. Fleire tokt har berre fått avgrensa løyve, for ca. 20 % av planlagt område, fordi russarane har ønskt å halde fartøya utanfor området der ubåten "Kursk" låg havarent.

Fartøya vert høgt utnytta, og også i 2001 har det vore lite liggjetid ved kai. Dette har først og fremst vore ved tokt-/mannskapsskifter og ved planlagde verkstadsopphald. Berre eit par gonger har det vore nødvendig med vedlikehald som ikkje var planlagt. Hausten 2001 måtte "Johan Hjort" på verkstad i Harstad, og i slutten av oktober vart også "Håkon Mosby" liggjande nokre dagar inn i eit tokt på grunn av problem med giret.

Fartøydrifta gjekk med eit underskot på ca. 4 % av totalt budsjett i 2001. Årsakene til dette er mellom anna svært høge vedlikehaldskostnader, reiseutgifter ved mannskapsskifte og høgare hyrekostnader enn føreset. Dette underskotet vart til dels dekkja ved hjelp av interne overføringar, og av ein viss lønnskompensasjon frå Fiskeridepartementet. Eit stramt driftsbudsjett over fleire år har gått ut over moderniseringa av flåten. Dette har ført til fleire reparasjonar som ikkje var føreset.

I tillegg til å nytte egne fartøy, har instituttet også i 2001 leigd inn fleire fartøydøgn frå den kommersielle fiskeflåten.

Instituttet har framleis ansvaret for drifta av NORAD sitt fartøy "Dr. Fridtjof Nansen", som opererer på kysten av Vest-Afrika, frå Cape Town til Marokko. Drifta av fartøyet har i hovudsak følgt toktprogrammet, med unnatak av årets første tokt som blei sterkt forsinka på grunn av tekniske problem. I november vart eit tokt avbroten eit par dagar då ein forskar frå Senegal døydde av hjartestans. Fartøyet gjekk til kai i Dakar og låg der til gravferda var over. Før jul fekk fartøyet problem med roret, men ein valde å gjennomføre årets siste tokt etter planen.

Tabellen nedanfor syner toktverksemda i 2000 og 2001.

Toktdøgn dekkjer ikkje rein transitt eller tid som går med til mannskapsskifte og periodar på verkstad.

ettersom det skulle vere vedlikehald rett over nyttår. I haust deltok begge skifta på eit svært vellykka seminar i Cape Town i regi av NORAD.

"G.M. Dannevig" har også i 2001 segla med berre eit mannskap. Det har operert i Skagerrakområdet, langs Sørlandskysten og i Austlandsområdet. Fartøyet har også hatt eit tokt ved Bergen, og hadde stor nytte av oppfølginga om bord av Instrumentseksjonen. Eit besøk i Bergen vil derfor bli prøvd vidareført dei kommande år. Det har elles vore svært lite utleige av fartøyet i forhold til tidlegare år, med tilsvarende lave inntekter.

2001 er det første samla budsjettåret instituttet har hatt bemanning og drift av Universitetet sitt fartøy "Håkon Mosby". Samarbeidet med både mannskapet og Universitetet har gått sær bra.

Instituttet er no midt i ein 5-årsavtale med Villa Leppefisk AS om leige av fartøyet "Fangst". Fartøyet blir leigd av instituttet frå 1. april til 31. oktober kvart år, og også i 2001 har det vore ei rekkje tokt i denne perioden.

Kontrakt på bygging av eit nytt forskingsfartøy blei underskriven 22. desember 2000. Seksjonsbygging starta ved Kvina Verft i september 2001, mens nedste del av skroget blir bygd i Gdansk i Polen. Fartøyet blir sjøsett i august 2002 og vil bli utrusta i Flekkefjord. Overtakinga vil etter planen vere i februar 2003.

Reiarlagavdelinga har i 2001 teke eit stort løft når det gjeld tryggleik. Oppgradering av sertifikat jamført til STCW-95 er fullført, og det er innført tre navigatørar på fleire av fartøya. Implementering av ISM-koden (International Safety Management) er i gang, og både Reiarlagavdelinga, "Johan Hjort", "G.O. Sars" og "Dr. Fridtjof Nansen" er sertifiserte. Dei tre andre fartøya blir friviljug sertifiserte i løpet av 2002.

T O K T O V E R S I K T

Fartøy	2000		2001	
	Toktdøgn	Persontoktdøgn	Toktdøgn	Persontoktdøgn
G.O. Sars	266	2 095	321	1 594
Johan Hjort	274	2 005	304	1 385
Michael Sars	311	1 833	312	1 327
G.M. Dannevig	117	397	133	397
Fangst	137	335	161	478
Dr. Fridtjof Nansen	324	1 362	254	581
Leigefartøy	1 126	1 888	424	915
Sum	2 555	9 915	1 909	6 677

Ved utgangen av 2001 var det 497,9 stillingar ved Havforskningsinstituttet, rekna i årsverk. Dette omfatta både faste og engasjerte stillingar, og var ein auke på 1,5 frå året før. I tillegg kjem dei timeløna stillingane som enno ikkje er berekna. Størst endring er det i fast organisert forskarpersonell med ein auke på 7,1 årsverk. På same tid har det vore ei nedtrapping av forskarar på Senter for marint miljø. Det er elles ingen klare endringar for nokre av dei andre sentra eller avdelingane.

Talet på sjøfolk auka med 16 stillingar frå 1999 til 2000, og dette har heldt seg stabilt i 2001 med til saman 118 stillingar.

Det er ingen auke i talet på forskarar med doktorgrad. Nedgangen i det totale talet forskarar ved instituttet gjer at det no er 52 prosent av forskarane som har denne kompetansen.

I tabellen over andre typar stillingar er det mest interessante auken i talet på post.dok.-stillingar, som er på 4,9 årsverk. Det var liten nedgang i talet på forskingssjef II-stillingane, noko som ikkje er uttrykk for mindre samarbeid med andre forskingsmiljø, men som har meir økonomiske årsaker.

Talet på reinhaldspersonale, lærlingar og tilsette på arbeidsmarknadstiltak har vore stabilt dei siste åra. Det er likevel ei viss auke i reinhaldspersonalet. Det kan ha samanheng med at det enkelte stader er tilsett personell som kombinerer ei teknisk stilling og ei reinhaldsstilling.

Sjukefráveret har halde seg på eit lågt nivå dei siste to åra. I 2001 var det på 3,12 prosent, mot 3,2 året før. Fráveret er ein av fleire indikatorar på arbeidsmiljøet og sett i den samanhengen er eit lågt sjukefráver positivt.

I desember 2001 blei det gjennomført ei undersøking om i kva grad medarbeidarane ved instituttet var tilfredse med arbeidsmiljøet. Hovudkonklusjonen syner at det er eit positivt tilhøve mellom medarbeidarane og verksemda. Det er likevel nokre kulturelle utfordringar; mellom anna i konflikten mellom behovet for styring og behovet for akademisk fridom.

I regi av opplæringsutvalet blei det i 2001 gjennomført 37 interne kurs med i alt 368 deltakarar. Samla vart det nytta om lag 2.1 millionar kroner til eksterne og interne kurs i 2001.

ÅRSVERK 2001 (FASTE OG ENGASJERTE INNTIL 4 ÅR)

Kategori	Havbruk	Miljø	Ressurs	Flødevigen	U-land	Adm.	Sum
Forskarar	39,4	33,8	41,0	9,2	10,0	1,0	134,4
Teknisk	39,2	28,0	54,7	12,9	4,0	15,8	179,6
Sjøfolk							118,0
Admin. personell	9,0	4,0	8,0	2,0	2,9	35,0	65,9
Sum	87,6	65,8	103,7	24,1	16,9	51,8	497,9
EU-stipendiatar	1,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,0
Stipendiatar	10,8	4,0	7,8	0,0	0,0	0,0	22,6
Post.dok.	4,0	0,0	2,0	1,0	0,0	0,0	7,0
Forskningsjef II	0,4	0,0	0,6	0,2	0,0	0,0	1,2
Reinhaldarar	3,7	0,0	0,0	0,7	0,0	2,8	7,2
Lærlingar	3,5	2,0	0,0	0,0	0,0	2,0	10,5
Arb.markn. stillingar	1,5	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	1,5
Totalt	112,5	71,8	114,1	26,0	16,9	56,6	548,9

Forskningsdirektørane er plasserte under administrative stillingar.

T I L S E T T E M E D D O K T O R G R A D

Stad	2001
Senter for marine ressursar	25
Senter for marint miljø	15
Senter for havbruk	26
Forskningsstasjonen Flødevigen	3
Fiskeriforskning u-land	1
Sum	70

Det blei i 2001 avlagt fire doktorgradar ved Havforskningsinstituttet